



Hans Reidar Kjærland og Evald Storaas (frå Norske Landbrukstjenester) saman med delegasjonen frå Japan på Kjærland: Japanarane er Shinichi Kobayashi, Motoji Sato, Takeshi Saito og Kazunori Awaji. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hans Reidar Kjærland i Uskedalen hadde spesielle gjester måndag føremiddag og hadde all grunn til å vera smigra over visitten. Fire landbrukstoppar frå Japan var på vitjing og gjennomintervjua han om garden og drifta. Etterpå la delegasjonen turen til fellesfjøset Revuro i Omvikdalen. Japanerane blir i Hardanger-området i tre dagar for å læra meir om den norske avlørsarordninga.

Dei kom frå Nederland og skal vidare til Tyskland. Grunnen til at dei vitjar våre traktar er klår nok: Basen for paraplyorganisasjonen for avlørsarlaga, som heiter Norske Landbrukstjenester og har 27.000 medlemmer, ligg i Mauranger. Der bur den daglige leiar Trygve Fredheim. Ein av dei fem tilsette, Edvald Storaas, har lagt opp turen for japanarane.

At han valde Kjærland og Uskedalen som ein stopp var også klår nok: - Hans Reidar var eit naturleg val. Han er ein høgst oppegåande gardbrukar som er god i engelsk, nyttar tenestene våre og går ein ny veg i sitt val av kurase. Han satsar på overgang til den sveitsiske simmental, og det har eg sans for, sa Storaas til **uskedalen.no**.

Hans Reidar har no 18 kyr som produserar 120.000 kilo mjølk i året.

Apropos Norske Landbrukstjenester: Uskedalsbonden har også nytta organisasjonen for å henta inn arbeidskraft til vegetasjonsrydding. Polakkar som har stått føre ryddinga av det fine utmarksbeitet på 150 mål ovanfor garden.

- Svært interessant, sa delegasjonsleiaren for japanarane, professor ved Nihon Universitet i Fujisawa City, Sninichi Kobayashi, då han kom ut av Kjærland sitt fjøs. Dei andre tre var universitetslektor ved det samme universitetet, Takeshi Saito, assisterande professor Kazunori Awaji ved Nagoya Universitet og Motoji Sato, som er sjef for operativ avdeling i JADHO, som er japanaranes avlørsar-organisasjon. Den er til for å hjelpe mjølke-bøndene og vart starta i 1990, nokre år seinare enn den norske. No er det 27.000 farmarar som har ku i Japan og dei har 2.600 hjelparar til disposisjon.

Professor Kobayashi kunne slå fast at norsk og japansk landbruk har mykje til felles og mykje å stå saman om. Stått saman har dei då også gjort under WTO-forhandlingane. Japansk landbruk er i høgste grad prega av små

eningar, dei 2,5 millioner farmarane har berre 14 dekar kvar å boltra seg på og nettoinntekta i året er ikkje meir enn 40.000 kroner. Ein industriarbeidar tener ti gonger så mykje og og 90 prosent av farmarane er i andre jobbar.

Hans Reidar Kjærland nytta naturleg nok høvet til å komma med eit lite landbrukspolitisk foredrag som sikkert fekk japanerane til å kjenne seg att sjølv om dei ikkje gav uttrykk for det.

- Det er berre oss bønder i dette landet som finn seg i å arbeide for 100 kroner timen, sa han.

Som japanarar plar gjera gjekk dei fire i delegasjonen svært detaljert til verks i intervjuet med Hans Reidar. Det var ikkje mange fakta om den veldrevne garden i Uskedalen som ikkje kom på plass i notatbøkene deira.

Og at ein gard i Uskedalen har vorte eit internasjonalt studieobjekt er høgst smigrande.

Av Ola Matti Mathisen



Hans Reidar Kjærland i fjøset sitt saman med den japanske delegasjonsleiaren, professor Shinichi Kobayashi. (Foto: Ola Matti Mathisen).